



TysseLand Arkitektur AS
Valkendorfgaten 9
5012 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/844 - 18/19217

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
17.09.2018

Godkjenning - GBNR 23/567 - Løyve til endring av utomhusplan

Administrativt vedtak. Saknr: 230/2018

Tiltakshavar: Boligbygg Vest AS
Ansvarleg søkjar: TysseLand Arkitektur AS,
Søknadstype: Søknad om endring av løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

TysseLand Arkitektur AS, har på vegne av tiltakshavar Boligbygg Vest AS, søkt om endring av løyve for opparbeiding av utomhusareal i Elvaåsen, gbnr 23/567.

Endringane gjeld innkjørslar og murar som har vist seg nødvendig under arbeida med oppføring av bygg, samt utviding av ØK_05 for hensiktsmessig oppstillingsplass for avfallsdunkar. Sistnemnde er gjort etter avklaring med NGIR. Tiltaka er nærare skildra gjennom søknaden med vedlegg.

VURDERING:

Planstatus:

Eigedomen er i Reguleringsplan for Elvaåsen - planid 12562011003 - avsett til bustadområde. Omsøkt tiltak blir ikkje vurdert å vere i strid med reguleringsplanen, men legg til rett for hensiktsmessig gjennomføring av denne.

Nabovarsling:

Utomhusplanen har tidlegare vore sendt på nabovarsling. Tiltakshavar har vurdert at det er ikkje krav til nabovarsling av endringane, jf pbl § 21-3, 2. ledd, fordi justeringane og murplasseringar ikkje kjem i konflikt med nabogrenser. Administrasjonen ser ikkje grunnlag for å stille krav om nabovarsling av endringane.

Uavhengig av nabovarsling er det motteke merknader og spørsmål frå Rolf Sandstad, kjøpar av hus 14 (BK12) gjennom epost sendt 06.09.2018. Merknadene gjeld etablering av snulomme og parkeringsplass framfor BK12. Merknadene har vore sendt til ansvarleg søkjar som har kommentert desse gjennom epost motteke 14.09.2018.

Plassering og utforming:

Plassering og utforming av tiltaka blir godkjent i samsvar med revidert situasjonsplan journalført motteke 06.09.2018, samt opplysningar gitt av ansvarleg søkjar gjennom skriv datert 03.09.2018. ØK_06 skal nyttast som grøntareal/friareal.

Når det særskilt arbeida framfor BK12 med etablering av snuhammar og parkeringsplass, vurderer administrasjonen at løysinga kan godkjennast i samsvar med revidert situasjonskart og opplysningar gitt av ansvarleg søkjar i epost motteke 14.09.2018.

Ansvarsrettar:

Ansvar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og oppdatert gjennomføringsplan.

VEDTAK:

«Meland kommune godkjenner i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4, søknad om endring av løyve til opparbeiding av utomhusanlegg i Elvaåsen, gbnr 23/567, i samsvar med søknad journalført motteke 28.08.2018, supplert 06.09.2018 og 14.09.2018. Tiltaket skal plasserast og utførast i samsvar med vedlagt situasjonsplan.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova og avsluttast med søknad om ferdigattest, jf pbl § 21-10. Det blir elles vist til vilkår og føresetnader i rammeløyyvet av 18.05.2016.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

A10-22_Situasjonsplan_murer og justerte innkjørsler_Rev01
Elvaåsen - revidert søknad om utomhusarbeider etter avklaring med NGIR
16/844 - Endring av utomhusplan - kommentar til innspill

Kopi til:

Rolf Sandstad	Høgeberget 50	5943	AUSTRHEIM
---------------	---------------	------	-----------

Mottakere:

Tysseland Arkitektur As	Valkendorfgaten 9	5012	BERGEN
-------------------------	----------------------	------	--------